



Høyanger kommune  
eld kraft vatn

# Kommuneplanen sin samfunnsdel 2019-2031

Høringsutkast





Bilete frå Veri Media, via Høyanger Næringsutvikling.  
Motiv frå Høyanger kommune.

Forsidebilete av Erlend Nybø.  
Motiv: Dagsturhytta på Synken, ferdig hausten 2018.

## Innhald

1. Innleiing	1	
1.1	Organisering av planprosessen og medverknad	1
1.2	Aktuelt lovverk	1
1.3	Nasjonale føringar	2
1.4	Regionale føringar	2
2. utfordringar		3
2.1	Folketalutvikling og folketalssamansetting	3
2.2	Sysseletting og pendling	5
2.3	Levekår og folkehelse	6
2.3.1	Helse og omsorg	6
2.3.2	Oppvekst	7
2.4	Miljø og klima	7
2.5	Kommuneøkonomi og organisasjon	9
3. Visjon og verdiar		10
4. Overordna mål		11
5. Satsingområde og strategiar		11
5.1	Sysseletting og etablering	12
5.2	Leve- og oppvekstvilkår	13
5.3.	Miljø og klima	14
5.4	Attraktive tettstadar	15
5.5	Organisasjon	16
6. Overordna arealstrategi		17

# 1. Innleiing

Kommuneplanen for Høyanger, med samfunnsdel og arealdel, er saman med økonomiplanen og årsbudsjett Høyanger kommune sitt viktigaste styringsdokument. Den legg langsiktige føringar for kommunen si verksemd og tydeleggjer kva rolle Høyanger kommune skal ha med omsyn til samfunnsutvikling. Det er i kommuneplanen sin samfunnsdel at kommunen sine framtidsmål, strategiar og satsingsområde blir definert. Planen skal vere førande for alle tenesteområda i kommunen, inklusiv prioriteringar i økonomiplan og budsjett, samt i utarbeiding kommunedelplanar og fag- og temaplanar.

## 1.1 Organisering av planprosessen og medverknad

Kommunestyret vedtok planprogram i møte den 15.03.2018. I forkant av vedtak har planprogrammet vore sendt på høyring til offentlege høyringsinstansar og andre interessentar. Sjølve plandokumentet vil bli handsama på tilsvarande vis, samt bli gjort tilgjengeleg gjennom sosiale medium og kommunen sine nettsider.

Hausten 2017 vart det gjennomført drøftingar om visjon, mål og satsingsområder med alle kommunale leiarar på leiarsamling, samt med ungdomsrådet. I etterkant har arbeidsgruppa utforma utkast til plan som har vore teke opp til drøfting med leiargruppa, samt på samling med næringsaktørar i kommunen hausten 2018.

Det er viktig, men utfordrande, å sikre god forankring både politisk og administrativt slik at kommuneplanen sin samfunnsdel blir eit reelt styringsdokument som blir følgt opp gjennom konkret handling.

Styringsgruppe: Representantar frå formannskapet og rådmannen si leiargruppe. Styringsgruppa har drøfta utfordringar og tilrådd strategiske val og satsingsområde. Styringsgruppa har hatt eit møte hausten 2018 for å drøfte utkast til planframlegg. Det er også lagt opp til eit møte etter planframlegget har vore på høyring.

- Ordførar Petter Sortland
- Varaordførar Kristin Råsberg
- Leiar Høyanger senterparti Geir Helge Østerbø
- Rådmann Kjellaug Brekkhus
- Kultursjef Anita Nordheim
- Kvalitets og HMS Sjef Toril Varden
- Oppvekstsjef Stig Engen

Arbeidsgruppe: Ansvarleg for utarbeiding av framlegg til plan. Gruppa er tverrfagleg samansett og består av representantar frå administrasjonen i kommunen utpeika av rådmannen. Arbeidsgruppa har hatt fleire møter sidan varsel om planoppstart.

- Kommuneplanleggar Synne Vefring
- Folkehelsekoordinator/kulturmedarbeidar Maria Brendehaug Petersen
- Næringskonsulent Birgitta Hagen

## 1.2 Aktuelt lovverk

Plan og bygningslova skal fremje berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging etter lova skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar.

Folkehelselova; skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse herunder utjamnar sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeid omhandlar å skape gode oppvekstvilkår for born og unge, førebyggje sjukdom og skader, og utvikle eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar, beskytter mot helsetruslar og fremjar fellesskap, tryggleik, inkludering og deltaking. Arbeidet retter seg mot befolkninga eller delar av befolkninga og ikkje mot enkeltindivid med identifisert risiko.

## 1.3 Nasjonale føringar

- Statlege planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.
- Statlege planretningslinje for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging.
- Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene.
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging med tre fokusområde;
  - o Gode og effektive planprosessar
  - o Planlegging for berekraftig areal- og samfunnsutvikling
  - o Planlegging for attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde.
- Folkehelsemeldinga– mestring og moglegheiter;
  - o Psykisk helse skal få større plass i folkehelsearbeidet.
  - o Arbeidet med ein helsefremjande livsstil skal få ei meir positiv vinkling.
  - o Det skal utviklast ein ny og moderne eldrepolitikk.

## 1.4 Regionale føringar

Sogn og fjordane fylkeskommune har utarbeidd regional planstrategi med følgjande målformuleringar;

Overordna mål - målbilete	Ynskde effektar
1 Skape 500 nye arbeidsplassar kvart år, der det satsast på å nytte lokale ressursar, vere pådrivar i det grøne skiftet, skape mangfald i arbeidsplassar og samspel mellom kunnskapsmiljø, offentleg sektor og næringsliv.	1 Fylket har ei årleg netto auke i arbeidsplassar på over 100.
2 Det er etablert eit forpliktande samarbeid mellom regionale og lokale aktørar for å utvikle sentra i dei største kommunane, med tiltak knytt til møteplassar, trivsel, kollektiv-, gang- og sykkelløysingar og gode arbeidsplassar med eit næringsliv i vekst.	1 Folketalet i fylket har auka med 1 % i året.
3 Utviklinga av sentra er knytt til gode kommunikasjonar i bu- og arbeidsmarknadsregionar.	1 Sogn og Fjordane har store naturressursar og kulturverdiar og vi nyttar desse som drivkraft i samfunnsutviklinga.
4 Strategiar for å utjamne avstandsulemper, rammer for utvikling for å skape attraktivitet i mindre sentrale strøk og strategiar for å utvikle sentra skjer samstundes.	2-4 Fylket har nådd måla ovanfor fordi vi har satsa på ein 3-delt strategi med effektane:
5 Fylket skal tilby utdanningar med kvalitet over landssnittet, både ut frå samfunnet sitt behov og vere leiande i utdanning og skuleresultat.	• Har vidareutvikla 3 sjølvforsterkande bu og arbeidsområder i fylket: Sunnfjord, Sogndalsområdet og Nordfjord
6 Fylket skal vere eit ope og inkluderande samfunn og alle kommunane har tydelege strategiar for å inkludere innvandrarar/ tilflyttarar.	• Har vidareutvikla attraktive regionsentra og kommunesentra som har ein styrka bu- og arbeidsmarknad rundt seg
7 Folkehelse skal vere med som ein grunnleggjande del i samfunnsplanlegginga og levekåra i fylket er betra.	• Har gitt rom for lokale eldsjeler/-miljø som får høve til å skape si framtid og arbeide for utvikling i mindre sentrale strøk
8 Fylket deltek i bygging av verdikjeder som gjev netto nullutslepp, innan bygg og ferje/ båttransport og innkjøp.	5-7 Fylket har etablert heilskap i plan- og strategiarbeid gjennom mobilisering og forplikting i partnerskapsavtaler.
9 Fylket følgjer opp klimautfordringane gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane med mål som er tråd med nasjonale og internasjonale målsetjingar, bl.a. Paris-avtalen (2015).	• Fylket har tenester av ein kvalitet og har eit omdøme som gjer at innbyggerane i Sogn og Fjordane opplever det som eit attraktivt og godt fylke å bu og leve i, arbeide i og besøke.
	• Fylket har jamna ut sosial ulikskap og har innbyggerar med høg trivsel og opplevd livsmeistring, frå vogge til grav.
	• Fylket har kulturopplevingar som gjev eit rikare liv og bygger identiteten vår.
	• Fylket har redusert kvinneunderskottet
	8-9 Fylket er eit føregangsfylke i det grøne skiftet og har tatt ein posisjon i å utnytte dei lokale og regionale verkemidla til å bygge verdikjeder for eit samfunn med netto nullutslepp.
	• Fylket har vorte eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av alle typar fornybar energi. Ved utbyggingar har held vi tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar på eit berekraftig nivå.

## 2. utfordringar

### 2.1 Folketalsutvikling og folketalssamansetting

Høyanger kommune har over lengre tid hatt negativ folketalsutvikling. Dette kjem som ein konsekvens av fråflytting og låge fødselstal. Folketalet går prosentvis mest ned i bygdene. Framskrivingar viser ein folketalsnedgang fram mot 2040 frå 4155 til 3847 – først og fremst innanfor aldersgruppa 20-44 og 45-66 år. Som ein konsekvens av dette går også tal born i kommunen ned. Høyanger kommune ligg over gjennomsnittet m.o.t. andel innbyggjarar 80+ enn fylket og landet.

#### Folketalsutvikling

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Folketal	4256	4280	4216	4222	4183	4169	4161	4190	4154
Fødd	45	42	41	38	34	31	31	22	
Døde	50	56	34	49	51	51	42	39	
Fødselsoverskudd	-5	-14	7	-11	-17	-20	-11	-17	
Innflyttingar	152	146	157	145	152	238	291	230	
Utflyttingar	126	196	158	173	149	227	251	251	
Netto tilflytting	26	-50		-28	3	11	40	-21	
Folketalsvekst	24	-64	6	-39	-14	-8	29	-36	


#### Folketalsframskriving etter aldersgruppe

Personar pr. 1 januar	2018	2020	2025	2030	2035	2040
0-5 år	219	219	207	211	214	206
6-15 år	499	464	425	381	374	384
16-66 år	2648	2595	2452	2342	2189	2065
67 år eller eldre	788	807	899	983	1102	1192
Totalt folketal	4154	4085	3983	3917	3879	3847

Nedgang i folketal er ikkje unikt for Høyanger kommune, men ein trend som råkar fleire småkommunar i Utkant-Norge og kjem som ein konsekvens eit sentralisert flyttemønster der flesteparten flyttar frå små til større stadar. Høyanger kommune har også hatt negativ arbeidsplassutvikling, noko som påverkar nettoutflyttinga.

Ein stor del av innflytting til kommunen er utanlandsk innflytting. Talet innvandrarak har auka dei siste 10 åra, og utgjer i dag 10% av innbyggjartalet. Den største gruppa innvandrarak kjem frå Polen, etterfølgd av Litauen, Tyskland, Eritrea og Somalia. Eit auka tal innvandrarak gjer Høyanger kommune til samfunn der innbyggjarane i større grad enn tidlegare har ulik bakgrunn m.o.t. språk, kultur, utdanning, økonomi, osv.

## Sysseisseting og pendling



Folketalutviklinga og dei resultat dette gir m.o.t. befolkningsamansetting (auka tal eldre, færre born, m.m.) vil forsterke seg om ein ikkje klarar snu utviklingstrenden. Tabellen nedanfor viser SSB sine framskrivingar, og % -vis utvikling frå 2018 til 2040.


## Folketalsframskriving

	2018	2019	2020	2030	2040	%
0-9 år	388	385	387	378	375	- 3,47%
10-19 år	578	561	537	417	418	- 38,28%
20-29 år	475	469	485	414	364	- 30,49%
30-39 år	382	392	395	436	420	9,05%
40-49 år	543	514	482	636	485	- 11,96%
50-59 år	632	646	657	503	469	- 34,75%
60-69 år	518	524	529	632	501	- 3,39%
70-79 år	371	393	401	477	580	36,03%
80-89 år	196	186	193	282	351	44,16%
90-99 år	63	66	64	63	105	40%
100 år+	3	2	3	4	7	57,14%
Total	4149	4138	4133	4042	4075	- 1,82%


## 2.2 Sysselsetting og pendling

Sysselsetting i Høyanger kommune er dei siste åra redusert på grunn av nedgang i tal arbeidsplassar innanfor industrien. I perioden 2004 til 2014 har sysselsettinga innanfor industrien gått frå 36% til 19%. Det er også bransjar som har hatt ei positiv utvikling, blant anna kommunen, bygg og anlegg og reiseliv. Ca. 45% av sysselsettinga i kommunen er knytt til offentleg sektor. Høyanger kommune er framleis ein industrikommune som er næringsmessig sårbar med risiko for brå fall i sysselsettinga.


Ei slik utvikling samsvarar til ein viss grad med nasjonale trendar, der ein ser synkande tal arbeidsplassar innanfor primærnæringane og industri. Teknologiske tenester veks raskt, og har kompetanse som viktigaste råstoff. Dette gir større byar/stadar eit fortrinn. Vidare aukar besøksnæringane og blir viktige i mindre kommunar. Lokale næringar aukar mest, men er avhengige av bustadattraktivitet.



Som ein konsekvens av reduksjon i tal arbeidsplassar lokalt ser ein ei auke i utpendling frå Høyanger. Frå og med 2005 har Høyanger kommune vore ein utpendlingskommune og er slik vorte integrert i ein større bu- og arbeidsmarknad.







Pendlestraum Sogn og Fjordane

## 2.3 Levekår og folkehelse

Innbyggjarane i Høyanger kommune har lågare utdanningsnivå enn landet, medan inntektsnivået er om lag som gjennomsnittet. Ein ser positiv utvikling i tal elevar som fullfører vidaregåande skule, og Høyanger kommune har lågt fråfall. Yrkesfagleg utdanning har over tid vore etterspurt kompetanse hos næringslivet.

På tross av eit relativt høgt inntektsnivå og positiv utvikling m.o.t. utdanningsnivå ser ein eit aukande tal hushald med låg inntekt, noko som kan sjåast i samanheng med aukande tal eineforsørgjarar. Ei slik utvikling kan forsterke sosial ulikeskap i samfunnet.

Moglegheita for å få arbeid i kommunen har variert og tidvis vore prega av nedbemanningar og konkursar. Dette gjer at enkelte har hatt ustabil inntekt, noko som påverkar den sosiale utjamninga, moglegheita til å delta på fritidsaktivitetar, samt psykisk og fysisk helse.

### 2.3.1 Helse og omsorg

Høyanger kommune har ein aldrende befolkning og ein ser tendensar til større forskjellar i fysisk og psykisk helse mellom ulike grupper. Høyanger ligg også høgare enn snittet m.o.t. livsstilsjukdommar, men scorar bra på psykiske symptom, hjertekar sjukdom og muskel- og skjelettplagar over tid. Levealder er om lag som resten av landet, men ligg lågare enn for fylket. Generelt har eldre no betre helse og lev lengre enn før, noko som gjer at mange bur heime lengre og dermed i større grad kan bli isolert frå sosialt samvær med andre.

Helse og omsorgstenestene i Høyanger kommune må tilpassast situasjonen i dag, og behovet i framtida. Mogleg løysing er større fokus på førebyggjande arbeid og tiltak. Ein kan også forvente å måtte ta ansvar for nye pasientgruppe noko som gir behov for ytterlegare tilpassingar i tenestetilbodet.

## 2.3.2 Oppvekst

Høyanger kommune har seks kommunale barnehagar med ca. 190 plassar og fem grunnskular med totalt ca. 500 elevar. Alle born med lovbestemt rett til barnehageplass får tilbod ved hovudopptak. Foreldre som ikkje har lovbestemt rett til plass for borna sine opplev det som utilfredsstillande at dei ikkje kan rekne med å få plass i barnehage for barnet frå det tidspunktet dei skal tilbake i arbeid/ studie.

Nedlegging av vidaregåande skule har vore tema ved fleire høve, og det blir arbeidd aktivt med å sikre eit 13- årig skuleløp i kommunen. Dette er viktig for å sikre gode oppvekstvilkår, med også i eit folkehelseperspektiv m.o.t. innbyggjarane sin livssituasjonen i vaksen alder.

Når det gjeld born i alderen 0-17 år i Høyanger kommune er det ein større auke i talet som bur i hushald med låg inntekt enn elles i landet. Dette gjer barnefattigdom til ei sentral utfordring

Folketalsnedgang og vidare framskrivingar av folketalet gir nedgang i tal elevar og elevtalet ligg an til å bli redusert frå 499 til 386 dei neste 6 åra. Dette set det kommunale tenestetilbodet innanfor oppvekstsektoren under press, og kan gi konsekvensar for skulestrukturen. Generelt gir nedgang i talet innbyggjarar utfordringar innanfor oppvekstmiljøet gjennom tap av kulturtilbod/fritidsaktivitetar drifta av lag- og organisasjonar. Ungdommen sjølv etterlyser uformelle sosiale møteplassar der ein ikkje må ha ferdigheiter eller god økonomi for å delta (døme på dette er fine badestrender, leikeplassar, opne offentlege bygg, m.m.)



*Høyanger Videregående Skule er viktig for innbyggjarane sin levekår og folkehelse.*

## 2.4 Miljø og klima

Høyanger kommune har store vasskraftressursar og det blir årleg produsert ca. 1000 GWh frå Høyangerverka. Dette er rein energi, og eit viktig bidrag for å nå målsettingane i Parisavtalen. Mykje av krafta som blir produsert går med til kraftkrevjande industri. Frå den kraftkrevjande industrien kjem det spillvarme som nyttast til oppvarming av offentlege bygg og anlegg. Det er truleg potensiale til å nytte spillvarme ytterlegare.

Vassdragsutbygging og vassdragsregulering fører til at fleire vassførekomstar er sterkt påverka og har redusert miljøtilstand. Det er viktig å vurdere miljøforbetrande tiltak i samband med revisjon av konsesjonsvilkår.

Kommunen har også miljøutfordringar knytt til blant anna ureiningar av fjordar, utslepp frå nærings- og industriverksemd, eldre ureiningsaktivitet og deponi, m.m. Høyangsfjorden har kosthaldsråd på skjell og brun innmat frå krabbe grunna for høge verdiar av kadmium og bly. Samtidig er det kosthaldsråd mot å ete brosme fiska i fjordområda i Sognefjorden innanfor ei linje frå Nordeide og rett aust for Bjordal grunna kvikksølv.




Ras i Sandvika

Det er vidare uvisst korleis andre vassførekomstar (elvar, vatn, fjordar) i kommunen er påverka av t.d. utslepp frå kommunale avløpsanlegg, spreidde avløp, avrenning frå overflatevatn, samt historisk og eksisterande industri. Akvakulturanlegg påverkar det marine miljøet i ulik grad, og det er viktig å vurdere miljøpåverknad både frå eksisterande enkeltanlegg, samt næringa totalt sett.

Klimaendringar vil bidra til auka temperatur og nedbørmengde, medan snømengda vil minke. Dette vil gi mindre snøsmelteflaumar, men aukande lokal, intens nedbør aukar sannsynet for flaum i tettbygde strøk og små, bratte vassdrag. Ein vil sjå auka frekvens av skred knytt til regnskyll/flaum, snøfall og snøsmelting. Klimaendringar er viktig å førebu seg på.

Høyanger kommune er den 3. største kommunen i Sogn og fjordane m.o.t. utslipp av klimagassar. I 2016 var det utslipp på totalt 152656 tonn CO2 ekvivalenta. Dette er ein auke på godt 20 000 tonn CO2 ekvivalenta sidan 2009. Industri, olje og gass, samt sjøfart er dei to sektorane som aukar mest.



Høyanger kommune som aktørar har fleire moglegheiter til å redusere Co2 utslipp. Då både som plan- og bygningsmyndigheit, som eigar av bygg og anlegg, grunneigar, samfunnsutviklar, tenesteleverandør, innkjøper av varer og tenester, m.m.

## 2.5 Kommuneøkonomi og organisasjon

Høyanger kommune har ca. 400 årsverk fordelt innanfor tenesteområda Helse og omsorg (170), Plan og utvikling (50), Kultur og kommunikasjon (10), Oppvekst (160) og sentraladministrasjonen (20). Tenestene ein leverer er mangfaldig og det er stor breidde i kompetanse, arbeidsoppgåver og arbeidsform. Tenestetilbodet er i stor grad desentralisert. Høyanger kommune har også betydeleg interkommunalt samarbeid for å løyse enkelte tenesteoppgåver.

Forventningane hjå innbyggjarar og brukarar til nivået på dei kommunale teneste, samt kva oppgåver som skal løysast er høge. Dette gjer at ein som organisasjon stadig blir utfordra på tenestene ein leverar. Tydlege satsingar og prioriteringar er difor viktig.

Over tid har Høyanger kommune hatt høge inntekter som har gjort det mogleg å oppretthalde eit slikt tenestetilbod, men på den andre sida har ein også høge driftsutgifter og lånegjeld.

Kommuneøkonomi er vanskeleg å handtere og er samansett av ulike element. Avgjerande faktorar er demografi, færre innbyggjarar i arbeid, nedgang i tal elevar, aukande tal eldre, nye pasientgrupper, osv. Viss folketalsutviklinga fortsett slik som den har vore fram til no vil Høyanger kommune få reduserte inntekter i framtida, og dagens tenestetilbod vil bli satt under press. I tillegg er eigedomsskatt og kraftbeskatning under politisk press, og difor ein usikker inntektsfaktor i framtida.

Det å ha ei felles forståing av situasjonen er vesentleg. Tidvis er ambisjonane høgare enn kva dei økonomiske rammene opnar for. God økonomistyring er grunnmuren i effektiv ressursforvaltning og ein må kontinuerleg arbeide med å tilpasse drifta til inntektene. Ein viktige faktorar i så måte er økonomistyringskompetanse hjå dei budsjettansvarlege.



*Kommunestyret er øvste styringsorgan og har ei viktig arbeidsgjevarrolle for heile organisasjonen.*

Foto: Geir Ivar Ramsli

### 3. Visjon og verdiar

Samfunnsutvikling blir skapt i eit samspel mellom innbyggjarane, det offentlege, næringslivet og lag- og organisasjonar. For å skape ønskt utvikling i Høyanger kommune må ein difor einast om;

- Kva mål som er viktig å nå.
- Kva som skal satsast på for å nå måla.
- Kva som må nedprioriterast denne gongen.

Høyanger kommune skal også i framtida vere ein attraktiv kommune der innbyggjarane har høve til ei aktiv fritid, der ein finn eit godt offentleg og privat tenestetilbod og der det er gode jobbmoglegheiter. Høyanger kommune ønskjer innbyggjarar som deltek og er engasjert i sitt nærmiljø!

Visjon og verdiar nedanfor er til inspirasjon, rettesnor og korrektiv for kommunalt tilsette sitt daglege virke i samspel med innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar, og skal speglast att i politiske og administrative avgjersler.



**Visjonen; Ein aktiv og framtidsretta samfunnsutviklar.**

**Verdiar;**

**Kraftfull; ressursar, kompetanse, handlekraft, synleg, aktiv.**

**Skapande; omstillingsdyktig, ser moglegheiter, søker samarbeid.**

**Inkluderande/varm; open, fordomsfri, rettferdig, respekt, service.**

**Slagord; Eld, kraft, vatn.**

## 4. Overordna mål

**Høyanger kommune skal i planperioden  
auke talet innbyggjarar i aldersgruppa 20-40 år.**

Aldersgruppa 20-40 år er viktig for å sikre ei berekraftig folketalsutvikling, samt grunnlag for gode levevilkår og attraktive lokalsamfunn også i framtida.

## 5. Satsingområde og strategiar

Høyanger kommune sin attraktivitet, eller evne til å tiltrekke seg nye innbyggjarar, arbeidskraft og besøkande er viktig for å oppnå folketalsvekst. Tradisjonell næringsutvikling der fokus aleine er å auke talet arbeidsplassar er ikkje lenger tilstrekkeleg for å stå fram som attraktive og for å auke folketalet.

Telemarksforsking sin programteori for attraktivitet viser korleis staders attraktivitet eller tiltrekkingskraft påverkar nettoflytting anten indirekte gjennom arbeidsplassvekst om det er snakk om bedrifts- eller besøksattraktivitet, eller direkte gjennom bustadattraktivitet. Hovudbodskapet er at auka attraktivitet gir auka vekst.

Faktorar som påverkar attraktiviteten til ein stad kan i grove trekk kategoriserast i fire ulike grupper:

- Bygningar og areal: t.d. bustadar, tomteareal, næringsareal, næringslokal, fasilitetar for besøkande, m.m.
- Ameniteter: Fysiske kvalitetar og tilbod som eksistera på ein stad, som t.d. skular og barnehagar, helsetenester, kulturtilbod, fritids- og rekreasjonstilbod, butikkar, kafear, estetiske sentrum, osv.
- Identitet og kultur; Sosiale relasjonar og haldningar.
- Omdømme; assosiasjonar som personer utan tilknytning til staden har av staden lausreve frå dei faktiske forholda.



Modellen ovanfor ligg til grunn for korleis ein planlegg m.o.t. samfunnsutvikling i Høyanger kommune i planperioden. Satsingsområde er vurdert utifrå følgjande;

- Visjon
- Hovudmål
- utfordringar som krev felles plattform, merksemd, samt tverrfagleg samarbeid og løysningar.
- Område/forhold der Høyanger kommune har handlingsrom.

## 5.1 Sysselsetting og etablering

### Mål:

Auke talet arbeidsplassar i kommunen med spesielt fokus på det grønne skifte.

Auke talet besøkande/tilreisande til kommunen.

### Strategiar:

- Styrkje/legge til rette for grunder/entreprenørskapsmiljøet.
- Sikre tilgang til attraktive næringsareal og næringslokale.
- Auke aktiviteten på/i eksisterande næringsareal- og næringslokale.
- Styrkje vertskapsrolla – fasilitetar, informasjon, tilrettelegging.
- Utvikle eksisterande tilbod innan handel- og servicenæringa.
- Satse på destinasjonsutvikling gjennom fokus på industri, kulturhistorie, arkitektur, kulturarv og identitet.

Mål og strategiar ovanfor er teke frå verdiskapingsplanen utarbeidd av HNU og vedteke i kommunestyret. Satsinga skal bidra til å sikre nye lønnsame arbeidsplassar, samt sikre konkurranseeva i eksisterande bedrifter. Det er viktig å styrkje bedriftene si utviklingsevne innanfor marknadsutvikling, produktutvikling, kompetanseutvikling, samhandling mellom bedriftene, og det grønne skifte. Konkrete tiltak for korleis ein skal arbeide med strategiane må innarbeidast i handlingsplan.

Nye næringar/verksemder skal komplimentere eksisterande næringsliv og bygge på Høyanger kommune sine naturlege fortrinn innanfor t.d. energi, industri, oppdrett, jordbruk og skogbruk. Det skal vere eit spesielt fokus på etableringar som tek del i det grønne skiftet. Til grunn for prosjekt der Høyanger kommune skal delta med ressursar skal det gjennomførast ei næringsfagleg vurdering som viser at prosjektet er berekraftig over tid.

Gjennom å utvikle Høyanger kommune som destinasjon/attraktiv stad å besøke vil ein få auka lokal handel, og slik sikre lokalt tilbod. Dette vil styrke dei lokale aktørane innanfor handel- og reiseliv, samt skogbruk og jordbruk og gjere Høyanger kommune meir attraktiv som bustadkommune ved at ein opprettheld og utviklar tenestetilbodet.

Effekten av måla skal vere meir samarbeid mellom kommune og næringsliv, eit meir allsidig næringsliv, auka innovasjonsevne i lokalt næringsliv og at fleire investorar, bedrifter og attraktiv kompetanse søker seg til kommunen.



Pressefoto: Sognaqua




Foto: Laila Hovland

## 5.2 Leve- og oppvekstvilkår

### Mål:

Høyanger kommune skal ha eit godt desentralisert barnehage- og 13-årig skuletilbod.

Innbyggjarane i kommunen skal ha god fysisk og psykisk helse og opplev ein meningsfull kvardag/fritid.

Høyanger kommune skal ha eit breitt kultur- og fritidstilbod.

### Strategiar:

- Følgje opp mål, satsingar og tiltak i strategiplan for oppvekst.
- Sikre kvalitet i og gjennomføring av 13-årig skuleløp.
- Skape sosiale møteplassar og lågterskeltilbod ved reetablere og vidareutvikle eksisterande nærmiljøanlegg/leikeplassar som gir høve til fysisk aktivitet.
- Etablere og utvikle uformelle sosiale møteplassar, spesielt for born og unge.
- Følgje opp kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet.
- Styrkje den tverrfaglege innsatsen for å utjamne sosial ulikskap.
- Oppretthalde lågterskeltilbodet i helsestasjon, skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom.
- Følgje opp mål, satsingar og tiltak i strategiplan for oppvekst
- Utvide kulturskulen sitt tilbod.
- Auka fokus på samarbeid med lag- og organisasjonar.



Høyanger kommune skal vere ein god stad for born og unge å vekse opp. Dette inneberer satsing på eit godt skule- og barnehage-tilbod, trygge oppvekstmiljø, meningsfull kvardag, samt born og unge si fysiske og mentale helse.



Barnehagar og skular skal ha likeverdige og god kvalitet der born opplev omsorg og eit trygt og godt fysisk og psykososialt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Kompetanse hjå tilsette og brukarmedverknad skal vektleggast.

Gjennom tverrfagleg innsats skal Høyanger kommune arbeide for at sosial ulikskap blir utjamna. Det skal utviklast arenaer der det er låg terskel for å delta, og som er uavhengig av økonomi, ferdigheiter og andre ressursar. Dette skal bidra til auka samfunnsdeltaking, inkludering, tilhøyrligheit, samt betre fysisk og psykisk helse.

Gjennom ei satsing på oppvekstvilkår, samt kultur og fritidstilbod for born og unge skal Høyanger kommune styrke oppvekstmiljøet slik at kommunen vert ein god bu- og utviklingsarena. Slik vert ein også attraktiv for potensielle tilflyttarar, jobbsøkjjarar og ikkje minst tilbakeflyttarar i den aktuelle målgruppa.

### 5.3. Miljø og klima

#### Mål:

I Høyanger kommune skal innbyggjarar og tilreisande ha trygge, reine og miljøvennlege omgivadar.

Høyanger kommune skal redusere forbruk og utslepp lokalt (inkludert bidra til at ein oppnår nasjonale klimamål). ww

#### Strategiar:

- Det skal etablerast samarbeid med næringsliv, lag- og organisasjonar, samt enkeltpersonar for å løyse lokale miljøutfordringar.
- Saker som omhandlar ulovleg ureining/ forsøpling skal prioriterast.
- Arealplanlegging skal ta omsyn til venta klimaendringar.
- Høyanger kommune skal auke talet miljøfyrtårnsertifiserte verksemdar i eigen organisasjon.
- Kommunale reinseanlegg skal overhalde krav til reinsing, og det skal lagast plan for korleis fleire husstandar/abonnentar skal koplatt til offentleg vatn- og avlaupnett.
- Det skal leggast til rette for miljø-vennleg transport (gå, sykle, ladestasjonar, arealplanlegging, m.m.).
- Ein skal redusere energibruk i kommunale bygg og anlegg.

Høyanger kommune har til liks med alle andre eit ansvar for bidra til å redusere klimagassutslipp, og til at ein når nasjonale klimamål. Dette inneberer fokus på og innsats for redusere forbruk og utslepp innanfor områder der ein som kommune har handlingsrom.

Ureining, forsøpling, utslepp, m.m. er skadeleg for omgivnadane, folkehelsa og Høyanger kommune sitt omdøme. Trygge, reine og miljøvennlege omgivadar er på den andre sida ein kvalitet som påverkar attraktivitet og dei val potensielle innbyggjarar og næringsdrivande gjer i samband med etablering og lokalisering.

## 5.4 Attraktive tettstadar

### Mål:

Legge til rette for pendling ved å satse på infrastrukturtiltak som bidreg til å inkludere bygdene og kommunesenteret i ein større arbeids, bustad -og sørvisregion.

Auka bustadbygging i heile kommunen med spesielt fokus på å leggje til rette for bustadar i sentrumsområda.

Skape attraktive sentrumsområde for innbyggjarar, tilreisande og næringsdrivande innanfor handel og service.

Styrkje moglegheita for rekreasjon- og friluftslivsaktivitet.

Redusere tal skader og ulykker.

### Strategiar:

- Utbetring av fylkesvegane i kommunen.
- Oppretthalde kommunikasjonstilbod mellom nordsida og sørsida av kommunen.
- Bustadpolitisk handlingsplan skal tydeleggjer Høyanger kommune si bustadsatsing, samarbeidsformer med private, samt stimuleringstiltak.
- Prioritere reguleringsplanar og prosjekt som opnar for bustadbygging.
- Synleggjere og marknadsføre bustadprosjekt og bumoglegheiter.
- Etablere samarbeid mellom næringsliv, byggeigarar og kommune om sentrumsutvikling.
- Vektlegge sentrumsutvikling, samt kvalitet i forvaltning av sentrumsområde.
- Etablere samarbeid med frivillige lag- og organisasjonar om utbetring av stiar og rekreasjonsområde i kommunen.
- Vektlegge tiltak som gir auka tilgang/ bruk for ålmenta til sjø/strandsone.
- Følgje opp kommunedelplan for trafikktryggleik.
- Fokus på førebygging gjennom arbeid med «Trygge lokalsamfunn» og «Trafikksikker kommune».



For å sikre innbyggjarane i kommunen eit godt og variert tenestetilbod, samt moglegheit for jobb innanfor akseptabel pendleavstand må det satsast på infrastruktur og gode kommunikasjonstilbod. Dette gjeld både internt i kommunen, samt til nabokommunar og regionsenter. Førde peikar seg klart ut som den kommunen flest pendlar til, og utbetring av Fv. 55 mellom Tronvik og Ulvåna vil styrkje Høyanger kommune sin posisjon som bustadkommune. God infrastruktur er vidare viktig med omsyn til tryggleik og bereskap, samt næringslivet sine konkurransevilkår.

Tilgjengelegheit til bustadar og tomter er ein nødvendighet for å tiltrekke seg innbyggjarar. Tilbodet bør vere variert (leilegheiter, einebustadar, rekkehus, osv.) og gjerne inneha kvalitetar som ikkje er like lett tilgjengeleg i meir sentrale strøk, t.d. gode nærmiljø, rekreasjonsområde og høve til friluftsliv. Det er vidare viktig å utvikle attraktive sentrum med eit tilfredstillande tenestetilbod, og som kan fungere som sosiale møteplass. At omgivingane opplevast som trygge er ein heilt klar føresetnad for trivsel.

I kva grad ein klarer å skape attraktive tettstadar må målast gjennom endringar i busetnad (flytting, bustadbygging, osv.) besøk (overnattingsdøgn, omsetnad, osv.) og bedrifter (etableringar), som fortel om våre lokalsamfunn og tettstadar tiltrekker seg fleire menneske og næringsverksemd.

## 5.5 Organisasjon

### Mål:

Høyanger kommune skal forvalte ressursane sine effektivt, og sikre god kvalitet i tenestene tilpassa dei framtidige økonomiske rammene.

Høyanger kommune skal drive kvalitets-forbetring for å sikre at ein leverer tenester i tråd med lover og forskrifter.

Høyanger kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass med kvalifiserte arbeidstakarar og lågt sjukefråvær.

Høyanger kommune skal synleggjere pågåande prosjekt, tiltak og satsingsområde som blir gjennomført i kommunal regi.

### Strategiar:

- Fokus på god økonomistyring.
- Fokus på planlegging og samhandling/ felles innsats på tvers av fag- og sektorar.
- Fokus på kontinuerleg tilpassing av organisasjonen m.o.t. variasjon i arbeidsoppgåver, tenestemottakarar, osv.
- Fokus på bruk av ny teknologi i utvikling av tenestene.
- Fokus på kvalitetsforbetring gjennom dokumentasjon av prosedyrar og avviksrapportering (Compilo).
- Høyanger kommune skal bygge opp kvalitetssystemet sitt etter ISO9001/2015 og moglege etter kvart sertifiserast.
- Fokus på systematisk kompetanseheving der kompetanseplanen ligg i botn.
- Fokus på framtidige rekrutteringsutfordringar og rekrutteringsbehov.
- Fokus på HMS arbeid.
- Fokus på oppfølging av nyttilsette.
- Utarbeide gode beskrivingar av kommunens tenester og tenesteområder.
- Etablere ein heilskapleg informasjonsprofil på tvers av plattformar og sakssystem, sosiale medium, m.m.
- Fokus på informasjonsflyt og kommunikasjon internt og eksternt i kommunen, t.d. til tilsette, innbyggjarar og næringsliv.
- Fokus på synleggjering av arrangement og møteplassar i kommunen.



## 6. Overordna arealstrategi

Nokon av punkta nedanfor kjem att frå tidlegare kapittel om satsingsområde, mål og strategiar. Dei er likevel tatt med nedanfor for å synleggjere at dei krev oppfølging gjennom arealplanlegging. Arealstrategien skal leggast til grunn for revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og skal gi føringar for plan og byggesakshandsaming i kommunen.

- Tilrettelegging for ein aktiv kvardag gjennom å bevare grøntområde, tilrettelegge for friluftsliv og sikre gode aktivitetsarenaer for menneske i ulike livssituasjonar/fasar. Spesielt i strandsona er det viktig å vektlegge natur- og kulturmiljø, høve for friluftsliv, bevaring av landskap, samstundes som samfunn og bygder får utbyggingsmuligheter.
- Etablere og utvikle uformelle møteplasser og lågterskiltbud som nærmiljøanlegg og leikeplassar, spesielt for born og unge.
- Setje fokus på å bevare og utvikle Høyanger kommune sitt arkitektoniske uttrykk, historie, og kulturarv.
- Skape attraktive sentrumsområde for innbyggjarar, tilreisande og næringsdrivande innanfor handel og service gjennom å tilrettelegge for aktivitet i eksisterande bygningsmasse, attraktivitet, trivsel og miljøomsyn.
- Sikre tilgang til attraktive næringsareal og kontorlokale for leige og sal. Nye utbyggingsareal skal i størst mogleg grad lokaliserast til eksisterande tettstadar og grender, og vere med på å styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø.
- Ved planlegging av nye bustadområde eller anna utbyggingsareal, skal det leggast til rette for miljøvennleg transport, og tilgang på gang-, sykkelveg og trygg skuleveg. Bustadbygging skal vere satsingsområde, med fokus på tilrettelegging for bustad i sentrumsområde. Gjennom arealplanlegging skal det leggast til rette for infrastrukturtiltak som bidreg til å inkludere bygdene og kommunesentrene i ein større arbeids-, bustad- og serviceregion.
- Framtidig arealplanlegging må ha fokus på samfunnstryggleik og ta høgde for faktorar som havnivåstigning, auka flaum og skredfare, hyppigare ekstremvêr, samt auka klimapåverknig på bygg og infrastruktur.



Den originale byplan til Morgenstjerne og Eide frå mai 1917. (Hydro Høyanger)



**Høyanger kommune**  
eld kraft vatn

August Gunnarskogsgate 1  
6993 Høyanger  
[postmottak@hoyanger.kommune.no](mailto:postmottak@hoyanger.kommune.no)  
[www.hoyanger.kommune.no](http://www.hoyanger.kommune.no)